

Folketal og tomtepolitikk

MED SOGNDAL SOM motor veks folketalet i Sogn sakte, men rimeleg sikkert. Og med 162 fleire innbyggjarar i 2015, kan ordførar Jarle Aarvoll notera den største folketalveksten i heile Sogn og Fjordane.

Det er såleis alarmerande at Leikanger ikkje har ei einaste ledig bustadtomt å tilby.

SJØLV OM DET er små tal, i storleiken 11 til 22, er det positivt å registrera at folketalet aukar også i kommunar som Leikanger, Aurland, Lærdal og Vik. Den store nedturen noterer me i Årdal, som vart 70 færre i løpet av 2015. Det er også verdt å merka seg at Luster, som har hatt liten men stabil vekst dei siste åra, mista 25 innbyggjarar i fjor.

SAME DAG SOM Sogn Avis fortalde om utviklinga i folketalet hadde me eit oppslag om at det ikkje finst ledige bustadtomter i Leikanger. Ein vidare vekst i folketalet heng saman med kva bu- og arbeidstilbod kommunane klarar å leggja til rette for.

DET ER SÅLEIS alarmerande at Leikanger ikkje har ei einaste ledig bustadtomt å tilby. Det er i gang bygging av eit mindre leileghetskompleks, men dei som ynskjer seg hus med eigen hage har ingenting å velja mellom.

DENNE SITUASJONEN BLIR ikkje mykje betre at heller ikkje Sogndal har spesielt mange bustadtomter å tilby. Etter eit par tiår med fortetting i sentrum og bygging av blokker som Ulvahaugen og Sjøkanten, kan dei som vil ha eige hus prøva seg i det nye bustadfeltet ved flyplassvegen på Kaupanger eller det som måtte vera att under veggen på Kjernes. Det er for dårleg.

ME REGISTRERER AT kommunegrensene truleg kjem til å overleva den pågåande reforma, men det betyr ikkje at Sogndal, Leikanger og Luster ikkje bør setja seg tett saman og diskutera ein felles bustadpolitikk.

SAME KORLEIS ME snur og vender på det så er det eit signal om ein marknad i ulage når eit bustadhus på Indre Hafslo går ein halv million kroner over takst. Men me noterer det som positivt at Luster jobbar med å få lagt ut fleire tomter.

DET SAME MÅ skje i Leikanger og i Sogndal. Sjølv om den største og viktigaste veksten – den som vil bety at bygdebyen Sogndal veks til seg stadig fleire attraktive tilbod – skjer gjennom større prosjekt i sentrum, må det leggjast mykje betre til rette for alle dei som drøyer om eige hus.

I ALLE DESSE tre nabokommunane handlar dette også om langsiktig planlegging og tilrettelegging for landbruket. Slik utviklinga er, trur me alle vil ha mest å tena på at dei tre lagar planar som både handlar om jordbruk, utvikling av tomtefelt og plassering av framtidige barnehagar.

SAME KVA ME meiner om kommunereforma, vil vidare vekst vera basert på at mange nok folk får så gode tilbod at dei kan tenkja seg å reisa att og fram mellom bustad, skule og jobb i desse tre kommunane.

Sei meininga di om leiareren på sognatreff.no

Klimafylket Sogn og

2015 vart det tredje våtaste og det tredje varmaste året i Noreg sidan 1900. I vår region merkar vi alt fleire dagar med regn, at regnet vert meir intenst, oftare og kraftigare flaumar, fleire jordskred og færre dagar med snødekke i låglandet.

Hjå Fylkesmannen jobbar vi med eit prosjekt vi har kalla Klimaløftet. Måla er ambisiøse. Vi vil bidra til betre rettleiarar og planleggingsverktøy for kommunane. Vi vil styrke samarbeidet med ulike kompetansemiljø i fylket. Vi vil arbeide for at Sogn og Fjordane markerer seg som klimafylket nasjonalt, og delta i internasjonalt klimasamarbeid. Vi er på god veg.

Saman med Vestlandsforskning, som er prosjektleiar, deltek vi i eit arbeid om å utvikle eit nettbasert verktøy for korleis omsynet til klimasårbarheit kan handterast i arealplanprosessane i kommunane. Prosjektet Klimaverktøy for kommuneplan-

leggjarar er finansiert av Norges forskingsråd sitt KLIMAFORSK-program.

Høgskulen i Sogn og Fjordane har klima som tema i fleire studieprogram, og har brei støtte i fylket i arbeidet med å etablere ei masterutdanning i klimatilpassing.

Saman med KS, Vestlandsforskning og tre regionar i Romania deltek vi òg i eit internasjonalt samarbeid om å utvikle strategiar og handlingsplanar for å tilpasse oss til eit klima i endring. Tidlegare har vi saman med fylkeskommunen, Flora kommune og Vestlandsforskning delteke i det internasjonale klimatilpassingsprosjektet Clim-ATIC, der vi m.a. testa ut ny teknologi for å gje informasjon til folk i eit kriseråka område.

Regionale verksemder i Sogn og Fjordane, som Fylkesmannen, fylkeskommunen, Vestlandsforskning, Høgskulen, Statens vegvesen, NVE, Norsk

Stor Førde?

Eg ser at nokre ivrige ordførarar og rådmenn gjerne vil at Førde, Jølster, Naustdal og Gaular bør verte ein kommune.

Det er folk som i sin iver trur at dette kan danne eit tyngdepunkt mot Bergen, det er sjølv sagt lov og håpe, men at tre små kommunar i tillegg til Førde skal hamle opp med Bergen og Hordaland er vel å håpe litt mykje.

Ein ser kva spetakkel det skapte då Fylkesordføraren i Hordaland gjekk ut og sa at ein av hovudvegane austover må gå over Hemsedal, med dette gjekk ho i mot vedtak i Hordaland fylkesting.

Fylkesordføraren i Hordaland er frå Årdal. Bergens Tidende kalla dette eit modig utspel, redaktøren av BT er frå Sogn og Fjordane.

Kommunane bør ikkje tvingast til samanslåing ved å ta frå dei inntektene.

Det gale med denne reforma er at kommunar skal tvingast til samanslåing ved å straffe dei økonomisk.

Det einaste som kan redde denne reforma er at det vert eit anna fleirtal på stortinget ved neste val, då vert kommune ikkje straffa økonomisk

Kommunereforma er ei sen-

traliseringreform, kommunane skal verte meir effektive, fleire skal pendle til kommune senter, det er ei grei avklaring frå regjeringa. Resultatet vert mindre aktivitet på dei små stadane over tid når delar av kommuneadministrasjonen fell vekk.

Førde vert hovudstaden for administrasjonen, difor tippar eg at om 10–15. år så vert det bygd ein etasje meir på Førde Rådhus.

Det er ikkje sant at mindre kommunar har dårlegare tilbod til sine innbyggjarar enn dei store kommunane. Treng dei hjelp, samarbeider dei.

Ifølgje Fagbladet hadde Oslo kommune i løpet av 8 månader 4.500 merknader på drifta av sjukeheimane. Mange var grove svikt i tenestene, så det å verte stor er ikkje ein fasit på at alt vert betre.

Sanner bør legge om strategien gje kommunane betre tid, og ikkje ta frå dei inntekter, då kan det verte samanslåing i ein del fleire kommunar enn ein ser konturane av i dag.

Det må vere aksept også for at ein del ønskjer å stå aleine.

Per Bj. Molnes

Om kyrkja på Ve

Takk til Åsmund A. Vigdal for innlegget i Sogn Avis no 23.02. Eg finn grunn til å dra fram att noko av det eg skreiv i tilknytning til Vigdal sitt første innlegg om dette emnet:

«I Islandske annalar (årbocker frå samtida), kan ein under året 1180 lese fylgjande: «Fell fiall i Sogni». Omsett til dagens norsk skulle det bli: «Fjell (eller stein)-ras i Sogn» Kort og godt. Åstaden er ikkje nemnd. Når eit steinras i Sogn kom med i island-

ske annalar, må det ha vore eit ras som gjorde sterkt inntrykk i samtida. Eit ras som tok mange gardsbruk og attpåtil ei kyrkje, kan ha skapt eit slikt inntrykk.»

Saman med dei opplysningar vi no har frå Norges geologiske undersøkingar, meiner eg vi no er komne så nær eit historisk faktum som det er råd å kome. Godt arbeid Åsmund A. Vigdal!

Steinar Velle

Sogn Avis

er ei partipolitisk uavhengig avis for Indre Sogn. Avisa blir trykt hjå Sogn og Fjordane Avstrykk as, Førde,

REDAKTØR:
Jan Inge Fardal

DAGLEG LEIAR:
Leif Johannes Lunde

www.sognavis.no

redaksjon @ sognavis.no

g Fjordane

Bremuseum og Red Cross Nordic United World College har gode tradisjonar for å samarbeide og byggje kunnskap om klimaendringar. No går vi saman om å arrangere ein nasjonal konferanse om klimaomstilling. Korleis skal vi planleggje for eit endra klima, kva inneber det grønne skiftet i praksis, og korleis skal Noreg bidra til å følgje opp Paris-avtalen? Dette er sentrale tema på konferansen i Sogndal 3.-4. mai, med spennande innleiarar som Helge Drange frå Bjerknessenteret, Kristin Halvorsen frå CICERO senter for klimaforskning og Karen O'Brien frå Universitetet i Oslo. Vi tjuvstartar 2. mai med klimaekskursjon frå Sogndal til Fjærland, og innlegg om korleis klimaendringar påverkar



KLIMA: Fylkesmann Anne Karin Hamre om nasjonal konferanse om klimaomstilling i Sogndal i mai, her etter «Dagmar» i 2011.

landbruket og klimautstillingar ved Bremuseet og elevar frå UWC.

Eg oppmodar alle som er interesserte i klimaomstilling

om å setje av desse maida-gane, og delta i drøftingar om viktige tema som handlar om framtida vår!

Les meir om konferansen på

www.klimaomstilling.no

Anne Karin Hamre
Fylkesmann

«Bergen skal styres fra Sogndal»

DETTE VAR OVERSKRIFTA i Bergensavisen tidleg på 90-talet då Vestlandsforskning vann tevlinga om å bli EuroInfo Center for næringslivet på Vestlandet. Ein av konkurrentane – Hordaland Næringservice i Bergen, tapte. Dette vart i tyngste laget for bergensarane. No er Høgskulen i Sogn og Fjordane redd for å bli styrt frå Bergen om dei fusjonerer med Høgskolen der.

DET ER DET mange i fjordfylket som ikkje likar. Engasjementet mot ein slik modell har vore sterkt. Færre har vågt å stå fram med støtte til ein eventuell fusjon. Prosessen har ført til massiv merksemd om og støtte til høgskulen. Det fortener den.

OPPDRAGET SOM EUROINFO CENTER var symbolsk viktig for Vestlandsforskning, men ikkje av særleg stor betydning for den vidare utviklinga av forskingsinstitusjonen. Satsing på kompetanseutvikling, doktorgradar, spissing av forskingsområda og internasjonale oppdrag var mykje viktigare. Men det var gjævt for Sogn og Fjordane å vinne over Bergen, og vise at ein fekk det til i distriktet.

HØGSKULEN I SOGN OG FJORDANE var ein mykje større institusjon også då. Men på 80- og 90-talet drog den ikkje nytte av tilsvarende lokal og regional oppslutning. På den tida var det høgskuleeiningar både i Sogndal, Førde og på Sandane. I Førde laga ein ingeniørar og sjukepleiarar. Det var både konkret og nyttig. Og alle forstod nytta av lærarutdanninga i Sogndal. Men samfunnsfag- og miljøfagmiljøa i Sogndal brydde ein seg lite om. Dei var visst mest til problem. Fylkeskommunale planar og utgreiingar vart ofte slakta av desse folka, og det vart laga motmeldingar og avisinnlegg med kritisk vinkling på mangt og mykje i fylket. Tidsskriftet Søkelys på Sogn og Fjordane med Georg Arnestad i spissen følgde opp med kritiske artiklar. NHO med Eivind Hjøllum i front var støtt på bana med

spørsmål om kvifor ein ikkje kunne drive med noko som næringslivet hadde nytte av. Det Regionale Høgskulestyret og Bjørn Tønnesen gjorde sitt beste for å forsvare Høgskulen, men lett var det ikkje. Derfor er det kjekt å registrere den store omsuta fylket og partia no har for høgskulen sin. Svært mange er lite begeistra for regjeringa sin marsjordre om fusjonar for å få større institusjonar og fagmiljø.

VESTLANDSFORSKING VAR NOK heller ikkje særleg matnyttig for næringslivet på den tida. Men vi var flinke til å late som – og vi var flinke til å byggje alliansar. Internasjonalt finansierte forskingsprosjekt og pengar frå Forskringsrådet og departementa i Oslo vart bevis på at vi dugde. Og det gav oss både lokale og regionale støttespelarar. Lokalavisene i Sogn og NRK Sogn og Fjordane digga visst Vestlandsforskning på den tida. Det skulle svært lite til for

å kome i avisa eller radioen. I mi tid som VF-direktør (1991–97) opplevde eg ofte å bli ringt opp frå media med spørsmål om vi hadde noko dei kunne skrive om. Og det vart lett nesten pinleg store overskrifter av små saker. Vi hadde dei politiske partia på vår side, og når statsrådar kom på besøk til Sogndal besøkte dei heller VF enn sjukeheimen – ofte etterfulgt av kritiske kommentarar.

EIT VALÅR INVITERTE vi stortingsrepresentantane frå fylket til «sommarrjobb» på VF. Alle takka ja. Dette vart eit framifrå høve til å marknadsføre oss og vise kva vi dreiv med. Men Astrid Nistad fekk hard kritikk frå Husmorforbun-

det. Ho burde heller tatt sommarjobb på ein sjukeheim, meinte dei. Mange av stortingsrepresentantane brukte mykje av tida til å drive valkamp ved hjelp av VF sine telefonar og telefaks. Men for oss gav «sommarrvikarane» nyttige kontaktar inn mot avgjerdsmiljøa i hovudstaden.

VI SLEIT LENGE med å skape matnyttig innhald i samarbeidet med Høgskulen. Ikkje veit eg kven som skal klandrast mest for dette. Men i 1995 bad Høgskolen i Bergen VF etablere ein filial hjå dei i Bergen for å handtere og utvikle deira oppdragsforskning. Dette kunne blitt svært nyttig for VF. Men vi fekk det ikkje til å fungere. Forskarane på Høgskolen i Bergen ville drive si private oppdragsforskning, heller enn å kanalisere denne gjennom VF-Bergen. Og kanskje dei ikkje likte å bli styrt frå Sogndal?

HØGSKULEN I SOGN OG FJORDANE har sidan den tid utvikla solide fagmiljø og svært nøgde studentar. Fylket tykkjer om skulen, og er redd for kva som vil skje om den skal fusjonere med høgskulemiljøa i Bergen og Stord/Haugesund. Mange meiner Volda er ein betre ektefelle å satse på. Men kanskje Høgskulen i fjordfylket også har noko viktig å bidra med til dei andre? Kanskje den kan vekse på å gi sitt beste inn til dei to andre? Kanskje den har godt av å ikkje berre vere ein høgskule for Sogn og Fjordane?

TIDLEGARE FYLKESRÅDMANN SVEIN LUNDEVALL var også opp-tatt av å vere til nytte for andre. Ein gong kom han overraskande inn på røykjerommet på Fylkeshuset med lunsjen sin – på den tida røykjerom fanst.

– Men Svein, sa vi, du røykjer ikkje. Kva gjer du då her?

– De må hugse på at eg også er fylkesrådmann for røykjarane, svarte Svein Lundevall.

Sett frå sør

Jan Per Styve



janperstyve@gmail.com

Sogningen/Sogns Avis for 25 år sidan:

Tomteflause i Lærdal

Berre to av dei sentrumsnære tomtane i Skogøyna bustadfelt er selde, og til våren skal det etter kvart så mykje omtala byggjefeltet i Borgund lysast ut for sal. – Vi må nok ty til billegalsal, seier ordførar Hans A. Tønjum. Byggjefelta i Lærdal er etter kvart i ferd med å setja grå hår i hovudet på dei lokale politikarane. Minimal interesse frå publikum for byggjefeltet i sentrum, gjer at ein er svært så spente på kva som vil skje når tomtane i Borgund blir lyste ut. Fram til dags dato er det i alle høve ingen som har meldt noko konkret interesse for tomtar i feltet. Einaste løysinga er å lysa tomtane ut på billegalsal og til formannskapet onsdag har rådmannen gjort framlegg om at tomtane i begge byggjefelta skal seljast om lag 30 % under sjølvkost, noko som vidare vil føra til store tap for kommunen.

(26. februar 1991)

Sogn og Fjordane for 50 år sidan:

Ulovleg hjortejakt ved Stedjeberget

Ein kar som hadde vore på ulovleg hjortejakt utanom Stedjeberget i Sogndal, er teken av politiet og har tilstått. Etter det «S. og Fj.» får opplyst var det no måndag jakthugen hadde teke overhand og mannen skaut hjorten. Men han hadde vore så lite tenksam at han hadde drege dyret ned og over riksvegen, og dermed syntte det spor så tydeleg at hendinga vart oppdaga. Lensmann og politit vart varsla, mistanken gjekk i ei viss lei, som det heiter, og jegeren vart funnen.

– Han har tilstått at det var han som skaut dyret, fortel politifullmektig Anders Hove til «S. og Fj.».

(25. februar 1966)

Saksa frå andre:

Eg er rett og slett forbanna på Nordic Mining, det er jo dei som planlegg alvorleg miljøkriminalitet. Dei fleste av demonstrantane er studentar og unge folk som ikkje har god råd. Det er direkte upassande at eit styrtrikt selskap ifrå Aker Brygge skal saksøkje så unge menneske.

Demonstrant Alberte Tennøe Bekkhus (16). (NRK).

På debattsida kan du seia di mening. Send innlegget til

redaksjon @ sognavis.no

Bruk helst maskinskrivne manuskript om du sender innlegget i posten.

Innlegg kan bli korta ned, skriv kort, maks 4000 teikn inkl. mellomrom, og 6000 inkl. mellomrom for kronikk.

Lesarinnlegg skal signerast med fullt namn.